

JAN KLØVSTAD

DEI SJØLVSTYRDE OMRÅDA I NORDEN

Politikk og økonomi i 2023

Færøyane har flest i arbeid i heile Europa. Grønland har vore prega av opprydding i fleire gamle konfliktsaker, og Liberalerna blei størst i valet på Åland.

Jan Kløvstad er sekretær i den norske avdelinga av Letterstedtska föreningen, og har tidlegare vore direktør for Nordens Hus på Færøyane og Katuaq – Grønlands kulturhus.

Færøyane

Arbeidsame færøyingar

Færøyingane arbeider mest i Norden, har færrest arbeidslause og sterkast vekst. Tala frå Hagstova Føroya og Eurostat i februar 2023 viser at 84,9% er i arbeid. 0,9% (130 kvinner) av kvinnene er utan arbeid, det lågaste i heile Europa. 1,7% (304 menn) av mennene er arbeidslause. Færøyane hadde 5,6% vekst. Nest best i Norden var Sverige med 5,1% og Danmark med 4,9%, mens Norge bikka under 4%. Gjennomsnittveksten i EU var 5,4% (alt 2021-tal). Etter 2011 har den gjennomsnittlege veksten vore 2,6%.

Færøyane vil ta over stadig nye ansvarsområde frå Danmark. Frå 2024 blir det såkalla blokktilskotet frå Danmark redusert med 25 millionar DKK kvart år, etter at Færøyane tar over epidemilovgivinga og alle forhold som blir påverka av ein epidemi eller pandemi. Også landslegeembetet er det planar om å ta ansvaret for. I ein heilt annan samfunnssektor blir fyrvesenet nå færøysk. Den årlege overføringa var på over 900 mill DKK i 1999, og er nede i 591,8 mill DKK i 2024. Eksporten har auka med 450 mill DKK til 9,8 mrd DKK.

Balansen

I lagmann/regjeringssjef Aksel Johannesens tale ved opninga av Lagtinget Olsokdagen 29. juli var det optimisme blanda med balanse som dominerte. Den første balansen han nemnte kom i opningsorda: Eg skal i dag begynne med to ord som aldri før er sagt i ein lagmannstale. To ord som synest små, men som likevel ber bod om ein ny balanse: Fru forkvinne!» Etter valet i 2022 kom Færøyane endeleg på linje med andre demokratiske land med likestilling i dei tyngste politiske verva i samfunnet.

Den vanlege arbeidstida blir redusert frå 40 til 37 timar. Pensjonsalderen skal opp til 72 år. Dei fleste vil få lågare skatt, og dei låglønne i omsorgsyrka får meir løn. Den økonomiske veksten må balansere med kva naturen kan tole på lang sikt. Det gjeld også reiselivet som har hatt ein nærmast eksplosiv vekst i mange år.

Det blir pluss i budsjetta både for musikklivet generelt, kontoret for færøysk musikkexport og det færøyske symfoniorkesteret. Filmskaparane får meir, og i tillegg blir det sett av pengar til å trekke til seg innspelningar frå utanlandske filmselskap. Også teatermiljøet får noe betre økonomiske kår.

James Bond-fans over heile verda fekk sjå at James Bond truleg døde på Kallsóy i *No Time to Die* i 2021. Det er reist ein minnestein med teksten «In memory of James Bond» i fjellsida der. I 2023 kom ein ny Peter Pan-film, der Færøyane er sjølvaste Neverland. Tindholmur mellom flyplassen på Vágar og øya Mykines er ein viktig del av filmen. Det er mykje som lokkar folk frå heile verda til dei atten små øyane i Nord-Atlanteren. Pågangen er så stor at det stadig er nye tiltak for å verne fugleliv mot mennesketrakk, avgifter for å vandre på fugleøya Mykines og andre tiltak for å ta vare på sårbar natur. I tillegg blir det fleire stigar og trapper for å kanalisere trafikken, og for å unngå ulykker.

Tunnelar

Like før jul opna den 10,8 km lange Sandoyartunnelen, frå Streymoy til Sandoy. Prisen blei 1,2 mrd DKK. Av hovudøyene er det nå berre dei 4700 innbyggjarane på Suðuroy som ikkje har fått undersjøisk tunnel. Også hit er det planar, med ein minst 20 km lang tunnel i ein eller to delar frå Sandoy. Målet er å ha denne tunnelen klar innan snaue ti år. I 2023 har det vore gjennomslag eller ferdige tunnelar til bygda Fámjin på Suðuroy (1200 meter), Dalur på Sandoy og nytt løp på tunnelen nord for Klaksvík for å få to køyrefelt. Den første millionen til planlegging av tunnel til Tjørnuvík er sett av i landsstyrets budsjett, i eit prosjekt som vil koste 100-150 mill DKK.

Russlandsavtale

Ein vanskeleg del av færøysk politikk og økonomi også i 2023, har vore tilhøvet til Russland. Heilt sidan 1977 har det vore fiskeriatvtale mellom Færøyane og Russland. Russarane har fått fiske mest kolmule (blåhvilling på dansk) ved Færøyane, mens færøyske skip har fiska mest torsk i russisk farvatn. Mange både på Færøyane og i Danmark/EU har vore urolege for at russiske båter som går i hamn på Færøyane er lasta med meir enn berre fisk. Danmarks utanriksminister uttalte i april at det er vanskeleg å forlenge avtalen og samtidig tru at det er like lett som før å samarbeide med EU og få betre forhold til resten av

Europa. Dokumentasjonen om at russisk etterretning driv omfattande kartlegging av havvindparkar, gassrørledningar, straum- og internettkablar i både Nord-Atlanteren, Nordsjøen og Austersjøen, har ført til sterkt europeisk press mot Færøyane. I november blei det inngått ny avtale for 2024. Nå er dei russiske kvotene mindre enn før, og Russland er nekta tilgang til spesialområdet sør for Færøyane, som Færøyane og Storbritannia har tilgang til. Frå sommaren 2023 stengte Færøyane hamnene for russiske skip, bortsett frå dei som driv fiske utfrå fiskeriatvaten.

Folketal

54 547 menneske budde på Færøyane ved utgangen av 2023. Men i nyttårstalen sin var lagmann Aksel Johannessen uroleg for fallande folketal. Han varsla fleire tiltak for å gi barnefamiliane betre økonomi, for å få dei unge til å bli – og for å få barnefamiliar heim igjen til Færøyane etter endt utdanning utanlands.

Idrett og samfunnsutvikling

Klaksvík IF imponerte også i 2023. Norske topplag som serievinnarane Bodø Glimt og Molde, den Allsvenskan-vinnaren Häcken og storlaget Olimpija Ljubljana og franske Lille måtte reise heim mållause eller med tap. Ungarske Ferencváros har vunne den ungarske serien åtte av dei siste ti åra. Ferencváros klarte 0-0 på Færøyane, men tapte 0-3 på heimebane i Budapest. Klaksvík IF frå ein kommune med rundt 5000 innbyggjarar har skapt fotballsensasjon.

Nokre dagar inn i 2024 såg 5000 færøyingar handballandslaget debutere i EM i Berlin. Knepe tap mot Slovenia og Polen var nok mest uflaks. 26-26 mot Norge vil bli ståande i færøyske og internasjonale idrettshistoriebøker. Lenge.

Grønland

Erstatningskrav

Grønlandske kvinner krev erstatning frå den danske stat, fordi 4500 av dei 9000 fertile kvinnene i Grønland fekk spiral mellom 1966 og 1975. Spiralkampanjen var ein del av danske styresmakters strategi om å dempe veksten i folketal i Grønland. Da danske styresmakter starta kampanjen var det ikkje lovheimel til å setje inn spiral på mindreårige jenter utan samtykke frå foreldra. Loven blei endra til at legar kunne rettleie jenter under 18 år i prevensjon utan foreldresamtykke. Det tolka fleire legar som at dei kunne sette inn spiral. Det blei gjort på halvparten (!) av alle fertile kvinner i Grønland i det nemnte tidsrommet.

Danmarks Radios podkast «Spiralkampagnen» hausten 2022 sette fart i diskusjonen, og det kom krav om orsaking og erstatning. 67 kvinner krev 300 000 kr kvar, eit samla krav på 20,1 mill danske kroner. Mange av kvinnene fekk møte statsminister Mette Frederiksen i Nuuk. Håpet er at det kan bli ei semje i 2025.

Fleire krav

Dette er den fjerde erstatningssaka grønlendarar har reist mot Danmark. Først var det Thule-saka i 1996, om tvangsflytting av 116 menneske til Qaanaq i nord for å gi plass til den amerikanske basen i Thule.

Neste sak i 2022 handla om «Eksperimentbarna», 22 grønlandske barn som i 1951 blei sendte frå familien sin til Danmark. Målet var å skape ein grønlandsk dansktalande elite, som skulle kome tilbake og bygge det nye og moderne Grønland. Barna var frå fire til ni år. Ingen kom tilbake til familien sin. I staden kom dei på barneheimar og i pleiefamiliar.

Like etter stevna også 26 grønlendarar utan far Danmark, fordi dei meinte at deira rett til familieliv var blitt krenka. Dei var utan kjent far, fordi grønlandske, danske, amerikanske og andre menn som gjennom 1950- og 1960-talet fekk barn med grønlandske kvinner berre stakk av. Mens dei fordrivne i nord og eksperimentbarna fekk erstatning, blei kravet om erstatning for dei farlause avvist våren 2023.

Klima

Dei siste 20 åra har grønlandske isbrear smelta fem gonger så fort som i 1980-åra, konkluderte forskarar frå blant anna Københavns Universitet i ein ny studie offentleggjort i tidsskriftet *Nature Climate Change* i oktober. Forskarane har undersøkt utviklinga ved 1000 isbrear gjennom dei siste 130 åra. Forskarteamet viser at isbreane smeltar med gjennomsnittleg 25 meter i året, mot fem meter før årtusenskiftet.

Storkoalisjon

IAs regjeringssjef Múte B. Egede omrokkerte i Naalakkersuisut (landsstyret) hausten 2023. Endringane kom etter at den interne situasjonen i sosialdemokratiske Siumut var blitt meir avklart. Den ferske partileiaren Erik Jensen blei utfordra av tre leiarkandidatar etter berre eit år i leiarstolen, men fekk fortsette som partileiar med komfortabelt fleirtal. Fortsatt er det IA og Siumut som styrer saman, med 22 av dei 31 mandata i Inatsisartut (landstinget). Inatsisartut har vedtatt budsjettet (finansloven) einstemmig for tredje år på rad.

Mens Færøyane reduserer pengestraumen frå Danmark, kom det 200 millionar DKK meir til Grønland i 2023. 58% av statsbudsjettet kjem frå Danmark

og EU. I Folketinget vakte Aka-Matilda Høegh-Dam oppsikt da ho talte grønlandsk frå Folketingets talarstol, og forlangte at ho skulle kunne gjere det framover. Folketingets administrasjon har rekna ut at det vil koste 200 millionar å etablere ei slik ordning, og i tillegg 40 millionar i årlege driftsutgifter. Men dei vil forsøke å få dette til. Aaja Chemnitz frå IA har valt ein annan strategi i folketingsarbeidet. Delvis aleine og delvis saman med Høegh-Dam fekk ho gjennomslag for 48 millionar friske pengar til Grønland i det danske statsbudsjettet. Pengane skal særleg gå til kultur, utdanning, tiltak for å få ungdom i arbeid og målretta valdsforebyggande arbeid.

Nasjonalgalleriet nærmar seg

Over 100 millionar av den budsjetterte byggesummen til Grønlands Nasjonalgalleri på 260 millionar er på plass, Nasjonalgalleriet skal ligge sentralt i Nuuk, med utsikt utover Godthåbfjorden. Byggetid og ferdigdato er avhengig av den vidare finansieringa, men det er håp om at byggestart nærmar seg.

Grønland ein time nærmare Norden

Grønlandarane stilte ikkje klokka ein time tilbake i slutten av oktober. Nå er det meste av Grønland berre tre timar bak Norge, Danmark og Sverige, mot fire timar før.

Åland

Lagtingsvalet

Liberalerna med Katrin Sjögren som regjeringssjefkandidat vann lagtingsvalet i oktober. Med framgang frå seks til ni mandat, kunne Sjögren danne ny landskapsregjering saman med Centern og Socialdemokraterna. Katrin Sjögren er utdanna sjukepleiar, og har vore sentral i ålandsk politikk i mange år. Ho var lokalpolitikar i Mariehamn frå 1999 til 2015, mange av åra som medlem av lagtinget samtidig. Ho går nå inn i den andre perioden sin som lantråd (regjeringssjef), og har også vore sosial- og miljøminister (2007-2011). Centern held fram i landskapsregjeringa, sjølv om dei gjekk tilbake med to mandat og endte på sju. Annika Hambrudd er Centerns fremste i regjeringa, som viselantråd. Hambrudd er utdannings- og kulturminister, og nordisk samarbeidsminister. Den avgåtte lantråden Veronica Thörnroos er nå talman/lagtingspresident og partileiar for Centern.

Socialdemokratane er det tredje partiet i regjeringa, med sine fire mandat. Partileiar Camilla Gunell har også vore lantråd tidlegare (2011-2015). Det er kontinuitet i ålandsk politikk. Sjølv om det berre kom inn åtte kvinner blant dei 30 lagtingsmedlemmene, er det fire kvinner av sju i regjeringa.

Ein erfaren liberalar, 68 år gamle Peter Lindbäck, er med i politikken igjen 36 år etter at han sist var partipolitisk aktiv. Han var først nestsjef i administrasjonen i Landskapsstyrelsen og så landshøvding (finske statens representant) på Åland frå 1999 til han gjekk av med pensjon i 2023.

For den nye regjeringa er det eit mål å ha eit budsjett i balanse innan 2030, å styrke eldreomsorg og kvaliteten i skolen, satse vidare på vindkraft og grøn energi. Innan 2035 skal det kome 13 nye ferjer i skjærgardstrafikken, med langt mindre forureining enn båtane som går nå.

Triumf for Mats Löfström

Riksdagsvalet i 2023 var ein enorm personleg triumf for 40 år gamle Mats Löfström. Han fekk 79% av stemmene. Löfström går nå inn i tredje perioden i Finlands riksdag.

Like før jul kom det som blir kalt ein politisk skandale. Infrastrukturminister Christian Wikström, Obunden samling, i den avgåande landskapsregjeringa fekk sparken. Ein nærmast gråtkvalt avgåande regjeringssjef Veronica Thörnroos sa i ålandsk radio at Wikström hadde oppretta eit naturreservat sør for Åland utan politisk forankring, utan å ha nemnt tanken verken i landskapsregjeringa eller for lagtinget. Wikström ville sabotere etablering av vindkraft i området. Havvind er eit emne som deler opinionen på Åland.

Kulturlivet

Sjøfartsnasjonen Åland kunne stolt melde at Rederi Ab Gustaf Eriksons arkiv, ei av perlene i Ålands landskapsarkiv, nå er kome på UNESCOs liste over verdfull kulturarv. Og like før jul var det førpremiere på storfilmen *Stormskärs Maja*, bygt på romanserien til Annie Blomquist (1909-1990) frå 1968 til 1973. Nå ventar Åland «spårturism» frå mange som vil sjå stadene filmen er spelt inn. Også i 1975 var det filmatisering, med ein populær fjernsynsserie som blei vist i fleire nordiske land. Musikken frå den gong, komponert av Lasse Mårtensson (1934-2016) er framleis ein klassikar.

Kjelder

Heimesidene til kringkastingsstasjonane KNR i Grønland, Kringvarp Føroya og Ålands Radio og TV, grønlandske og færøyske aviser, Hufvudstadsbladet og svenska YLE, i tillegg til kontaktar i medier og dei politiske miljøa.